

Til årsmøte

Endringsframlegg i §3 Fondsmiddel er ei oppdatering til dagens situasjon. Lutar i Ervingen Lagsbruk har tidlegare vore ført på Reservefondet sin rekneskap. Det renteberande ansvarlege lånet til Ervingen Eigedom AS er tilbakebetalt. For ein betre heilskap er det også endring i §1 Fond.

I §4 Fondsstyre er det forslag om å stryke rapporteringa til rådet, då det kjem fram i laget sine styringsføresegner at rådet skal vere kontrollorgan for Fonds- og eigedomsstyret.

I §6.a Årsoppgjerdisjonar føreslår ein å gjere teksten enklare ved å fjerne det som er skrive to gonger i same avsnitt, og fjerne vurderinga av KPI-regulering.

Framlegg til endringar av Føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt reservefond er utarbeidd i samarbeid med Fonds- og eigedomsstyret.

FØRESEGNER FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN SITT RESERVEFOND**§1 Fond**

Fondet vart vedteke på omfram
årsmøte 18. juni 2008 ved å slå saman
dei to fonda
"Eigedomsfondet" og "Selsvikfondet".
Fondet vart etablert 1. januar 2009 med
revidering på årsmøtet 15. februar 2012,
årsmøtet 13. februar 2013 og omfram
årsmøte 04. april 2016.

§1 Fond

Fondet vart vedteke på omfram
årsmøte 18. juni 2008 ved å slå saman
dei to fonda
"Eigedomsfondet" og "Selsvikfondet".
**Fondet inneheld og lutane i egne
selskap.** Fondet vart etablert 1. januar
2009 med revidering på årsmøtet 15.
februar 2012, årsmøtet 13. februar 2013
og omfram årsmøte 04. april 2016.

§2 Føremål

Føremålet til fondet er å sikra laget sitt økonomiske grunnlag gjennom å tryggja eigedomane Fensal, Gimle og Eidsholmen og anna eige til lag og lagsbruk som gir inntekter til laget, og å yta økonomisk stønad til drifta av laget og til investeringar eller særlege tiltak elles som ikkje fell inn under den vanlege lagsdrifta.

§3 Fondsmiddel:

Fondet består av to delar:

1. Likvide midlar plassert i bank og fond.
2. Bundne midlar som per 01.01.2017 består av eit renteberande lån, kalla obligasjonen, til Ervingen Lagsbruk AS og eit renteberande ansvarleg lån til Ervingen Eigedom AS.

§3 Fondsmiddel:

Fondet består av tø delar:

1. **Bundne midlar som består av lutar i egne selskap**
2. Ikkje likvide midlar, som er eit renteberande lån, kalla obligasjonen, til Ervingen Lagsbruk AS
3. Likvide midlar plasserte i bank og fond

§4 Fondsstyre

Fonds- og egedomsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen er styre for Reservefondet og rapporterer til Rådet.

§4 Fondsstyre

Fonds- og egedomsstyret i Bergen ungdomslag Ervingen er styre for Reservefondet.

§5 Forvaltning

Fonds- og egedomsstyret skal ta vare på og auke fondsmidlane på beste måte. Dette skal særleg gjerast ved å plassere midlane i bank, fond, lån mot pant i fast eigedom innanfor 60% av marknadstakst eller i andre sikre plasseringar til best mogleg avkastning.

Slike plasseringar kan Fonds- og egedomsstyret gjere åleine.

Dersom midlar skal plasserast til ein høgare risiko, kan Fonds- og egedomsstyret gjere dette i samråd med Rådet.

§6 Årsoppgjersdisposisjonar og løyvingar av fondsmiddel.**6.1 Årsoppgjersdisposisjonar.**

Årsresultatet til Reservefondet skal årsmøtet fordela mellom styrking av fondsmiddelen og overføring til lagsdrifta, etter innstilling frå Fonds- og egedomsstyret og Rådet. Til vanleg bør den delen av årsresultatet som går til styrking av fondsmiddelen, utgjera 10% av årsresultatet.

6.1 Årsoppgjersdisposisjonar.

Årsresultatet til Reservefondet skal årsmøtet fordela mellom styrking av fondsmiddelen og overføring til lagsdrifta, etter innstilling frå Fonds- og egedomsstyret og Rådet. Til vanleg bør den delen av årsresultatet som går til styrking av fondsmiddelen, utgjera 10% av årsresultatet.

Årsmøtet avgjer kvart år, etter forslag frå Fonds- og eigedomsstyret og Rådet, om det er råd å verdiregulera den likvide fondsmiddelen ved å leggja KPI til middelen.

Renter for "Obligasjonen" skal som hovudregel gå til lagsdrifta. Andre inntekter skal leggjast til den likvide fondsmiddelen.

Renter for "Obligasjonen" skal som hovudregel gå til lagsdrifta.

6.2 Løyvingar av likvid fondsmiddel.

Løyvingar av fondsmiddel til investeringar / vedlikehald på Eidsholmen eller til andre særlege tiltak som ikkje kjem inn under den vanlege lagsdrifta, kan Fonds- og eigedomsstyret gjera i samråd med Rådet. Dersom desse ikkje vert samde, eller løyvingar totalt pr. år utgjer meir enn 100 000,- av den likvide fondsmiddelen, skal saka avgjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal. Alle løyvingar skal skje etter søknad.

§7 Årsmelding og rekneskap

Fonds- og eigedomsstyret skriv årsmelding for fondet. Årsmelding og fondsrekneskap vert sendt saman med årsmelding og rekneskap for resten av laget til Rådet for tilråding og årsmøtet for godkjenning.

§8 Endring av føresegnene

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen kan endra føresegnene med 2/3 fleirtal etter at Fonds- og eigedomsstyret og Rådet har gjeve tilråding eller uttale.

Saman med føresegnene for Reservefondet gjeld lov og styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen, som har reglar om fristar og saksgang for endring av føresegnene.